

Fra: Anders Søyland <Anders.Soyland@vlfk.no>

Sendt: 23.06.2023 14:26:52

Til: Helene Norstrand <helene.norstrand@askvoll.kommune.no>, Arve Åsnes <Arve.Asnes@Askvoll.kommune.no>, Magnhild Myklebust <magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no>, kjetil.hoidal@kinn.kommune.no, Anders Espeset <anders.espeset@kinn.kommune.no>, Anne Kristine Dyrdal <anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no>, Arild Vonheim <arild.vonheim@stad.kommune.no>, Kari Torkildsen Utkilen <Kari.Utkilen@austrheim.kommune.no>, Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>, Grønnevik, Elisabeth Holme <Elisabeth.Holme.Gronnevik@bomlo.kommune.no>, Sylve Rusten <sylve.rusten@stord.kommune.no>, mona.hellesnes <mona.hellesnes@ulvik.kommune.no>, geir.underhaug@eidfjord.kommune.no, Ingeborg Opdøl Tysnes <Ingeborg.Opdol.Tysnes@fjaler.kommune.no>, Knut Trefall <knut.trefall@vaksdal.kommune.no>, Oliver Gravermoen <oliver.gravermoen@vaksdal.kommune.no>, Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no>, Anders Olav Dale <anders.olav.dale@alver.kommune.no>, Tom Leonsen <tle@bjornafjorden.kommune.no>, Sverre Jokstad <sverre.jokstad@askoy.kommune.no>, Nedkvitne, Jon <jone@kvam.kommune.no>, Ingrid Kristina Danielsen Henriques <Ingrid.Henriques@austevoll.kommune.no>, Linda Judith Svidal Nordås <linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no>, Ingri Thomassen <ingri.thomassen@osteroy.kommune.no>, Mats Løve Gjersvik <mats.love.gjersvik@tysnes.kommune.no>, elisabeth.hatteberg <elisabeth.hatteberg@tysnes.kommune.no>, Mathisen, Åsmund Ertshus <asmund.mathisen@bergen.kommune.no>, Brandsdal, Jan Robert <jan.brandsdal@bergen.kommune.no>, Meline Heimdal Haugland <meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no>, christel.movik-olsen@oygarden.kommune.no <Christel.Movik-Olsen@oygarden.kommune.no>, Julie Berge Westlye <julie.westlye@oygarden.kommune.no>, Herold Kråkenes <herold.kråkenes@gulen.kommune.no>

Kopi: Britt Karen Spjeld <Britt.Karen.Spjeld@vlfk.no>, Hanne Marthe Espe

<Hanne.Marthe.Espe@vlfk.no>, Ingrid Elisabeth Røyseth Melvær

<Ingrid.Elisabeth.Røyseth.Melver@vlfk.no>, Håkon André Halvorsen

<Hakon.Andre.Halvorsen@vlfk.no>, Trond Glesaaen <trond@padleforbundet.no>, John Frithjof

Fosse <frithjof.fosse@bof.no>, Anna Kobbeltvedt <anna@friluftsrad.no>, Bente Solberg

<tilsolben@gmail.com>, Helene Ødven <helene.odven@dnt.no>

Emne: Info Ro- og padleruter Vestland

Hei, her kjem litt info og nyhende om Ro- og Padleruter i Vestland.

Fyrst kan eg opplyse om at padleappen, Padleruter, no endeleg er tilgjengeleg i App-store og Google Play



Oppmodar alle om å laste ned appen og ta denne i bruk. Førebels ikkje så mange ruter for Vestland, men det kjem!

Kartlegging og gradering

Det gjerast mykje godt arbeid med kartlegging og gradering av padleruter rundt omkring i kommunane. No som padleappen er på plass kan rutene fortløpende leggast inn her etter kvart som dei blir ferdig kartfesta, gradert og skildra.

Eg legg ved eit skjema for ruteskildring der det er lagt inn nokken eksempel-ruter. Det er infoen i dette skjemaet som blir lagt inn i appen. Utfylte skjema (med GPX-spor eller kartfil) kan sendast direkte til Trond i Padleforbundet, med kopi til meg og Håkon.

Padlehuker og anna tilrettelegging

Vestland Fylkeskommunehar inngått ein samarbeidsavtale med Biotope arkitektar om padlehukar. Avtalen inneber at det betalast ein lisens per. padlehuk-modell som skal oppførast (pris i vedlagt avtale). Kommune eller friluftsråd får da tilgang til byggetekningar og rådgjeving frå arkitekt undervegs i byggeprosessen. Dei som er interesserte kan få tilsendt katalog med dei ulike padlehuk-modellane til Biotope, eller kan ta kontakt direkte med Tormod Amundsen i Biotope.

Eit av hovudmåla med ro- og padleprosjektet er å gjere roing og padling meir tilgjengeleg for fleire (brukargrupper). Vi ynskjer derfor å identifisere nokken tilkomststader som kan egne seg for rullestolttilpassa kajakkbrygger. Vi oppmodar dykk derfor til å tenke på om det er utsettingsplassar i dykkar kommune som kan egne seg for slike brygger.

Logo og Infotavler

Vi har engasjert ein designar til å lage ein eigen logo for Ro- og Padleruter Vestland og ein designmal for infotavler. Vi ynskjer at logoen skal nyttast i infomateriale og på tilretteleggingstiltak som er finansiert gjennom prosjektmidlar frå Vestland Fylkeskommune.

Ved alle tilkomstpunkt eller utsettingsstader for ro- og padleruter ynskjer vi at det skal settast opp infotavler med ruteskildring og standard tekst som vist i infotavlemalen. Infotekst på tavlene kan sjølv sagt tilpassast til plassen den står på, t.d. om det er spesielle ting det er ynskeleg å informera om, men det bør ikkje bli for mykje tekst på tavlene.

Vi vil vurdere om infotavler kan bestillast gjennom fylkeskommunen sin rammeavtale og korleis tavlene kan finansierast. Det kan vere hensiktsmessig at fylkeskommunen føretak ei samla bestilling av infotavler i staden for at kvar enkelt kommune (eller friluftsråd) skal ordne med dette. Dette vil vi kome tilbake med nærmare informasjon om.

Utdeling av tilskot

Som i fjor vil vi lyse ut ein del prosjektmidlar som kommunar og friluftsråd kan søke på. **Søknadsfrist blir 1. oktober.** Vi vil prioritera tilskot til kartlegging og gradering i nye kommunar som ikkje er med i prosjektet frå før, men håpar og at det kjem søknadar om tiltak som gjer det enklare å kome seg ut i kajakk eller robåt (t.d. utsettingsbrygger). Padlehukar og HC-tilpassa kajakkbrygger er kostbare tiltak. Spelemidlar og/eller ekstern finansiering (t.d. sparebankstiftingar og liknande.) kan vere aktuelt for slike tiltak.

Vegen vidare

Eg tenker det vil vere aktuelt med eit webinar/infomøte ein gong tidleg i haust, der vi kan få litt oversikt over status i prosjektet og ta opp aktuelle tema (kom gjerne med tilbakemelding på kva som er interessant å høyre om).

Det kan og vere hensiktsmessig med nokon workshops om kartlegging og gradering, gjerne på ettermiddag/kveld, slik at vi og kan inkludere padleklubbar og frivillige ressurspersonar. Her treng eg tilbakemelding frå dykk i kommunane på om dette er interessant.

Da vil eg til slutt berre ynskje dykk ein god sumar, kanskje med nokre turar i (ro)båt eller kajakk(?) 😊

Med helsing

Anders Søyland

seniorrådgjevar - friluftsliv

Tlf. 40427671

Fysisk aktivitet og inkludering
Avdeling for kultur og folkehelse



www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

a p a d /



